

Læreplan for

Musikk og rytme

Dette er eit tilbod til personar med behov for spesielt tilrettelagde aktivitetar.

Vi legg stor vekt på trivsel og mestring og undervisning tilrettelagt for den enkelte elev så langt det lar seg gjere.

Undervisninga er tufta på Dissimilis-stiftinga sine tankar om integrering, kulturarbeid og menneskeverd, og vi prøver å leve opp til Dissimilis sitt credo: Kvalitet – Nyskapande – Utfordrande – Mangfald.

1. Om Kvinnherad kulturskole

Kvinnherad kulturskule er eit offentleg eigd og drive tilbod til barn og unge i Kvinnherad kommune. Målgruppe er born i barnehage, elevar i grunnskule og vidaregåande skule, born og vaksne med spesielle behov og det lokale musikklivet i kommunen. Føremålet med opplæringa er å læra, oppleva, skapa og formidla kulturelle og kunstnariske uttrykk. Kulturskulen har også til oppgåve å kvalifisera elevar med særleg interesse og motivasjon til opptak i høgare kunstfagleg utdanning. Opplæringa skal bidra til barn og unge si meistring og danning, fremme respekt for andre kulturar, bevisstgjera eigen identitet, verta kritisk reflekterande og utvikla eigen livskompetanse. Kvinnherad kulturskule er forankra i opplæringslova § 13-6 som vart vedteke i Stortinget 5. juni 1997: «Alle kommunar skal aleine eller i samarbeid med andre kommunar ha eit musikk- og kulturskuletilbod til barn og unge, organisert i tilknytning til skuleverket og kulturlivet elles».

Kvinnherad kulturskule er eit ressurs- og kompetansesenter for kultur- og kunstfag i Kvinnherad kommune. Kulturskulen tilbyr opplæring, oppleving og formidling innan fagområda kunst, dans, musikk og teater. Tilbod og omfanget av undervisninga fastsettes av den økonomiske ramma til kulturskulen som kommunen løyver. Både drift og undervisning i Kvinnherad kulturskule tek

utgangspunkt i Rammeplan for kulturskolen «*Mangfald og fordjuping*» (Norsk kulturskuleråd 2015-2016) som ble vedtatt av kommunestyret 15.12.16.

Kontaktinformasjon:

Kontaktpersonar: Kirill Zimin (rektor/einingsleier)

E-post: kirill.zimin@kvinnherad.kommune.no

Telefon: 53 48 34 31

Post- og besøksadresse: Sentrumsvegen 35, 5460 – HUSNES

Heimeside: www.kulturskolen.kvinnherad.no

2. Om den lokale læreplanen

Lokal læreplan er eit dokument som definerer gapet mellom Rammeplan for kulturskolen «*Mangfald og fordjuping*» (Norsk kulturskuleråd 2015-2016) og lokal praksis i Kvinnherad kulturskule. Læreplanen gjev rammer for innhaldet i opplæringa i det enkelte faget, skildrar føremålet med faget, samt sikrar eit langsiktig innretta tilbod av høg fagleg og pedagogisk kvalitet i kulturskolen. Læreplanen inneheld m.a. krav til den kompetansen eleven skal tileigna seg i faget. Kompetansemålene uttrykkjer kva eleven skal kunna på ulike nivå og 3 ulike program: *breiddeprogram, kjerneprogram og fordjupingsprogram*. Læreplanen viser òg ei lokal verdiplattform og vert felt overordna satsingsområde for Kvinnherad kulturskule. Målgruppe er lærarar, politisk og administrativ leiing i kommunen, og dessutan elevar og foreldre som kan bruka den lokale læreplanen for å sjå kva dei kan forventast at eigne barn skal læra på kulturskolen og kva for kompetanse dei får i opplæringa.

3. Alder

Barn, ungdom og vaksne.

4. Instrument/utstyr

Tilpassa den enkelte elev.

5. Organisering av undervisninga

Undervisninga på musikk og rytme er organisert som einetimar på 22,5 min ein gong i veka. Undervisninga vil vanlegvis bli lagt til kulturskulesenteret på Husnes på grunn av trong for tilrettelagt utstyr.

6. Konsertar og samspel:

Ut frå elevens ønske og forutsetningar. Vi oppmodar elevane til å opptre internt og eksternt når anledninga byr seg.

7. Eigenøving

Ingen krav.

8. Evaluering/Utviklingssamtaler

Vi ønsker nær kontakt med føresette gjennom året. Skriftleg evaluering av opplegget kvar vår.

9. Mål for undervisninga på breddeprogram

- Oppleve gleda gjennom musikkaktivitetar åleine og i lag med andre
- Merksemd og konsentrasjon
- Oppleva å meistra musikkens grunnelement med spesiell vekt på puls og rytme.
- Å kunne fungera og bidra i ein samspelsituasjon på sitt nivå.

På timane jobbar vi med:

- Song, reglar, ordrytme, pulsøvelsar
- Rørsle/ dans
- Lytting
- Spel på instrument
- improvisasjon, utforsking, herming
- Bruk av musikk og rytme som kommunikasjonsmiddel
- Møta eleven på eigne premiss som eit unikt menneske
- Fanga merksemd
- Skapa stemning og møtast i musikk, dans og drama